

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.01.2021

**Anne Gine Hestetun (A)** reiste spørsmål kring eiga habilitet, då ho sit i styret i BKK AS. Utvalet vedtok samrøystes at ho var inhabil, jf. forvaltningslova § 6 (1) bokstav e nr. 2.

### Avrøysting

Det var 16 medlemer til stades.  
Innstillinga vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Vestland fylkeskommune meiner Statnett må leggja til grunn at samfunnsøkonomisk gevinst vil auke ved tidlegare ferdigstilling av tiltak.
2. Vestland fylkeskommune meiner ny forbindelse Samnanger-Kollsnes eller Modalen-Kollsnes best løyser utfordinga me møter saman med fullstendig spenningsoppgradering av eksisterande 300 kV-nett til 420 kV. Etter vårt skjønn må planlegging av forsert spenningsoppgradering starta no, i tillegg til konseptval på ny forbindelse.
3. Vestland fylkeskommune meiner sjøkabelalternativ ikkje har vore grundig nok undersøkt. Vi ber om ei utgreiing av konsept med sjøkabel på heile eller deler av strekningane frå enten Samnanger eller Modalen i tillegg til fullstendig spenningsoppgradering internt i utgreiingsområdet
4. Vestland fylkeskommune meiner Statnett må leggja til grunn høgare vekst enn det som er brukt i middelsscenarioet i analysane. Vi ber om at dette vert analysert grundigare då me meiner at eit høgare vekstscenario er aktuelt.
5. Vestland fylkeskommune meiner det er grunn til å tru at kraftforbruket vil auka utover 2030 grunna elektrifisering av industri og transport, ny næring, folkeauke, hydrogenproduksjon, mv.
6. Vi ber om at avklaringar rundt ev. anleggssbidrag for nye kundar synleggjerast så fort desse er gjort. Statnett bør gå i dialog med industriaktørane og oppdatere informasjonsgrunnlaget sitt ved viktige avgjersler i dei vidare fasane av prosjektet.
7. Utvalet ber administrasjon om eit fagnotat som gjer status for planar knytt til elektrifisering av sokkelen der dette berører kraftregionen Vestland (Bergensregionen). Notat bør også beskrive utfordringa med kraftforsyninga i Bergensregionen.